Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Modum

Emne: Lauving | Bygdelag:

Oppskr. av: Jakob Andr. Samuelsen | Gard:

(adresse): Sysle | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Modum er ei temmeleg stor bygd (omkr. 12000 ibuarar) med mange innflyttarar, so det vrangt å veta kva svar høver for heile bygda. Det vert nytta lite lauv herover no. Ikring 1914 vart det lauva noko som naudfor og under siste krig vart det nytta lauv til kaninfor.

2. Dei rispa helst etter slåtten og lauva i kjerv utover hausten. Selje, ask, raun og osp vart rekna for gjevaste lauvet, uvandare lauv var bjørk og or.

Nemningar: Lauving, å kjerve, å rispe, å hakke lauv

3. Beste reidskapen er lauvkniven 
som her og nemnas ganneknív i Ål: snbl.
Dei som ikkje har —"— greier seg med skyru ljåbrot o.l. Lauvet av ask og rogn vert pella av lauv for lauv eller rispa, osp, bjørk, or og kanskje hasal o.a. vert rispa. Bjørk - sers hengebjørk vart hakka og tørka på bakken; men meste lauvet vart kjerva både av bjørk, osp, or. Har ikkje høyrt om at nokon nytta nokoslag varning for handa når dei rispa lauv. I Uvdal sa dei å rispe, so som her. I Ål heitte det å riple.

4. Dei kjerva lauv av store og små nedfelte tre og av kylte tre. Å kylle kalte dei herover å ganne og slike kylte eller ganna tre er enno å sjå enkelte stader rundt jordene og se-

1797

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

tervollane.

„Osp og bjørk rundt vollane var før så rare på vokstren av det toppen jamt var avtien når dei lauva."

Hans Sørensen Bråten, Snarum.

„Eingong det var kleint høyår herover, lauva dei ein mengde osp på Lauparen (ei seter på Holleia) so dei hadde å fore hestane med, då dei låg på tømmerkjøring der om venteren".

Kristian Skretteberg

Trea vart kylt i ymse høgder, stundo upp til to manshøgder.

I fjelltrakter i Hallingdal såg je for nokre år sia ei stygg slag lauving i ung bjørkeskog. Småtre vart gjedd eit hogg med lauvkniven i brysthøgde og broti over ende utan å verta skild frå stuven. Då hadde dei lagleg tak på å kjerve kvistane av toppen som so turka til neste sumar. Ein slik medfaren skog såg fælt ut fyrste åra etterpå.

Inngjerding av gamna tre var vonleg ikkje tarvande herover, sers i seinare tid då geitholdet var lite.

5. 

Lauvteiner var nok kjend like til våre dagar, men er no skjeldsynte. Alle dei tørkemåter som er nemd har vonleg og vori nytta her og i grannebygdane, men mykkje er gløymt no.

Hesjing av lågt hakkelauv av hengebjørk har je hørt som frå Modum og Sigdal. Dei nytta vanlege henger. Stundo sneisa dei lauvkjerva på stamma til ei lita lauva og finkvista buska som var gvest i toppen. Som med alt annearbeid var dei 

1797

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med lauvinga og nøye med at alt gjekk rektig for seg.

Svensken J. Arrhenius skriv i boka si: Om Husdyrenes Fodring i Misvextår, utgjedd på dansk-norsk 1868 side 13 m. a. om lauving: „Løvet bør indsamles når det er udvoxet og fuldmodent, samt helst under Ny”. Her i bygda har je ikkje høyrt om lauving under nymåne, men dei har sikkert visst det her og dei gamle. Dei fleste litt kunnige folk veit enno at det er best å slakte grisane under ny, for då er flesket drugare.

Arrhenius provar dette med å vise til at elgen eter upp lauvhenger i skogane som er lauva under nyan, men lar dei hengene som er lauva under nean i fred. Det fins mykkje anna rart om lauving i den boka, men den fins vel i samlingane på Bygdøy og i lag med andre bra skrifter om detta emnet t. d. O. Thesen: Fodring av Kvæget i Misvextår og Heradsskogmeistar Einar Stoltenberg: Forsank og sankefor. Den siste boka har mange bra teikningar av reidskap. Je berre nemner desse småbøkene for det je veit at slike „tobladbøker” lett vert oversedd og stundo er vrange å få tak i. —

6 Lauvdugnad Lauvdonning er kjend i alle bygdene hrover. Frå gamalt gjekk det med ein 5 potting med brennevin og so skulle folk ha traktering og so ei dansarnatt. Skikken held seg i alle høve til ikring 1914.

7. Lauv tok dei både i innmark, utmark og kring seltrane

8 Alle måter for ~~upp~~ hysing av lauvet som er nemnd i spyrgjelista har sikkert vori nytta her og men minnene om detta tek til å verta burte no

1797

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9. Lauv av selje, osp og rogn vart halde for gjetfor.

10. Mune om almelauv har je ikkje høyrd. Treet er sjeldan herover no.

11. Samlauving har knapt nok vori nytta her.

13. Det var nok ungar med å lauva. Slik nøyare arbeidsdeiling høver ikkje med folkelynnet her.

B. Dróslauv: Rakalauv har vel herover vori mindre brukt enn kjerva- og hakka lauv. Ospelauv vart vel mest nytta. I Uvdal, Numedal høyrde je i ungdomen 1880 åra gjete at småfolk raka droslauv til lutars og likeeins at dei grov upp kvekerótar til lutars. Dei siste måtte vaskas før dei vart nytta som naudfor.

Under siste verdenskrig veit je ikkje stort om nytting av lauv som naudfor.

1797

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING